



Nordhordland utviklingsselskap IKS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7410 - 14/28345

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
19.12.2014

## Deltaking i prosjektet Nordhordland Biosfæreområde

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak i Lindås kommunestyre.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Nordhordland utviklingselskap IKS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
105/14	Formannskapet	PS	20.11.2014
129/14	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7410

## Deltaking i prosjektet Nordhordland Biosfæreområde

### Vedlegg:

Prekvalifiseringssøknad Nordhordland Biosfæreområde

### Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

- Lindås kommune ønskjer å delta i prosjektet for å bli ein del av Nordhordland Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg til å vere med å delfinansiere sin del, totalt kr 298.413,- for hovudfasen av prosjektet innanfor den ramma som er budsjettert i søknaden frå 2015 – 2017.
- Midlane til prosjektet blir henta frå disposisjonsfondet.

### Formannskapet - 105/14

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

- Lindås kommune ønskjer å delta i prosjektet for å bli ein del av Nordhordland Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg til å vere med å delfinansiere sin del, totalt kr 298.413,- for hovudfasen av prosjektet innanfor den ramma som er budsjettert i søknaden frå 2015 – 2017.
- Midlane til prosjektet blir henta frå disposisjonsfondet.

### Kommunestyret - 129/14

#### KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KO - vedtak:**

- Lindås kommune ønskjer å delta i prosjektet for å bli ein del av Nordhordland Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg til å vere med å delfinansiere sin del, totalt kr 298.413,- for hovudfasen av prosjektet innanfor den ramma som er budsjettert i søknaden frå 2015 – 2017.
- Midlane til prosjektet blir henta frå disposisjonsfondet.

#### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Sakutgreiing:**

##### **Om biosfæreområder:**

På same måten som UNESCO utnemner verdsarvstader for å bevare viktige historiske verdiar for ettertida, utnemner UNESCO også Biosfæreområder. UNESCO sitt program *Man and the Biosphere* (MAB) vart etablert i 1971 for å fremja eit tverrfagleg fokus på forvaltning, forskning og undervisning om berekraftig bruk av økosystem og naturlege ressursar. Det viktigaste verktøyet for MAB er oppretting av Biosfæreområder.

Biosfæreprogrammet skil seg frå Verdsarvprogrammet ved at målsettinga er å sjå framover for å sikre ei positiv berekraftig bruk av regionen sine eigne naturgjevne, kulturelle og økonomiske føresetnader, medan Verdsarvprogrammet konsentrerer seg om å ta vare på unik kultur- og naturarv. Her er det ikkje snakk om vern, men om å utvikle ein region på eit moderne, berekraftig vis, med ledeorda; utvikle, støtte og ivareta. Eit biosfæreområde er ein stad der nytenking og omsynet til landskapet si historie heng i hop. Grasrotengasjement, forskning og kunnskapsdrevet utvikling står sentralt i programmet og det er lagt vekt på dialog og kunnskapsdeling lokalt, nasjonalt og internasjonalt. For Nordhordland er dette eit miljø- og samfunnsutviklingsprosjekt.

Det er 631 biosfæreområder i verda, 231 av desse ligg i Europa. I Europa er det no berre Belgia, Island, Danmark og Norge som ikkje har slike områder. Dersom kommunane i Nordhordland ønskjer det, ligg det no til rette for at vi kan bli det første biosfæreområdet UNESCO utnemner i Norge.

##### **Om Nordhordland Biosfæreområde – Vestnorsk kystlandskap**

I 2013 gjorde kommunane i Nordhordland vedtak om å utarbeide ein søknad til UNESCO om å bli det første godkjente biosfæreområdet i Norge. Nordhordland Utviklingsselskap IKS har saman med Universitetet i Bergen (UiB) arbeidd med eit forprosjekt til dette. Det er oppnemnt ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Styringsgruppa har som oppgåve å sikre framdrift, målstyring og innhald i prosjektet, medan arbeidsgruppa jobbar med søknaden, sørgjer for finansiering, informasjonsarbeid og aktivitetar. Forprosjektarbeidet er finansiert av

kommunane i Nordhordlandsregionen og UiB. Prosjekteigar er Regionrådet i Nordhordland. Det er eit krav at eit biosfæreområde skal vere representativt slik at all forskning og kunnskapsdrevet utvikling skal kunne delast og nyttast nasjonalt og internasjonalt. Det tenkte Nordhordland Biosfæreområde strekkjer seg geografisk frå Sognefjorden, opp i Stølsheimen og ut til olje- og gassfelt utanfor kysten vår. Alle ressursane for vårt moderne samfunn er representert.

Som kartet og ressursprofilen illustrerer, har vi i biosfæreområdet lagt vekt på at dette skal vere representativt for vestnorsk kystlandskap. Landskapet går frå havet, innover kystlandskapet med fjordar og strandflater til høgfjellet. Området skal representere det moderne livet på Vestlandet og ha i seg alle dei ressursane samfunnet vårt er bygd opp på.

Biosfæreprogrammet vil bidra til auka forskning, større internasjonalt nettverk, initiere lokale prosjekt med fokus på våre kultur- og naturverdiar og engasjement. Greier vi å gjere dette med høg kvalitet vil dette setje Nordhordland på kartet og byggje ein merkevare for framtida.

Som framdriftsplanen viser er vegen lang fram for å bli godkjent som Biosfæreområde:

- Haust 2014: Handsaming i styringsgruppa, Regionråd og kommunestyra
- Desember 2014: Sende forprosjektsøknad til den norske UNESCO kommisjonen
- 2015/16: Arbeid med hovudsøknad
- Haust 2016: Hovudsøknad til handsaming i kommunestyre, fylkeskommune og Fylkesmann før endeleg innsending til UNESCO-kommisjonen og til Regjeringa
- Haust 2017: Endeleg søknad vert sendt frå den norske Regjeringa til UNESCO, Paris
- Juni/august 2018: Godkjenning og opning av det nye biosfæreområdet i Nordhordland

### Økonomi i prosjektet

I budsjettet for biosfæreporsjektet er det lagt opp til at kommunane er med og delfinansierer prosjektet. Summen kommunane skal dekke er til saman kr. 500 000,- årleg for åra 2015, 2016 og 2017. For dei ti kommunane som deltek vert kostnadssummen differensiert med ein fast sum og ein sum delt etter folketalet (vekta med frie inntekter) med slik fordeling \*)

Kommune	Andelar i % fordelt ut i frå			Fordelt beløp
	Fast	Folketal veka med frie inntekter	Totalt	
1252 Modalen	5,0%	0,8%	5,8%	28 857
1253 Osterøy	5,0%	7,7%	12,7%	63 321
1256 Meland	5,0%	7,3%	12,3%	61 727
1260 Radøy	5,0%	5,2%	10,2%	50 983
1263 Lindås	5,0%	14,9%	19,9%	99 471
1264 Austrheim	5,0%	3,2%	8,2%	40 910
1265 Fedje	5,0%	1,0%	6,0%	30 095
1266 Masfjorden	5,0%	2,3%	7,3%	36 349
1411 Gulen	5,0%	3,1%	8,1%	40 415
1259 Øygarden	5,0%	4,6%	9,6%	47 873
<b>Totalt</b>	<b>50,0%</b>	<b>50,0%</b>	<b>100,0%</b>	<b>500 000</b>

\*)

### **Biosfæreprosjekt – fordeling av kostnadane**

Grunnsum: 50 % av totalsummen, resterande sum: 50 % vert fordelt etter folketal (vekta med frie inntekter).

#### **Grunngjeving:**

Det tenkte biosfæreområdet er planlagt ut frå at det skal vere eit representativt område for korleis eit moderne samfunn i Norge lever i dag. Det er både ressursane i området og korleis menneska forvaltar desse som til saman utgjer eit kvalifisert biosfæreområde. Det er lagt vekt på dei viktigaste ressursane våre: høge natur- og kulturverdiar, vatn, fisk og olje. Vidare er det også lagt vekt på at vi skal fylle kravet om at om lag 5 % av det totale arealet skal vere verna områder. Dei ti kommunane som inngår, representerer alle viktige element for totalområdet og tilseier at det bør vere ein høvesvis høg grunnsum i fordelinga av kostnadene i prosjektet. Fram til no har kostnadane med Biosfære blitt fordelt med ein fast sum pr kommune. I første fase av prosjektet løyvde kommunane kr 50.000 kvar til arbeidet (juni 2013 – juni 2014) I 2013 betalte kvar kommunane inn kr 27.000, resten kr 23.000 vart betalt inn i 2014 (Øygarden var ikkje med i første runde).

Det er no utarbeidd budsjett for neste fase i prosjektet. I prekvalifiseringssøknaden er det sett opp eit budsjett for åra fram til og med 2017. Vi foreslår at 50 % av totalsummen utgjer ein grunnsum, og at dei resterande 50 % vert fordelt etter folketal (vekta med frie inntekter, jamfør semje i rådmannsutvalet).

#### **Vurdering:**

Nordhordland Biosfæreområde er eit spennande utviklingsprosjekt som kan bidra til å synleggjere regionen som ein berekraftig verdiskapingsregion. Prosjektet har gjort eit godt forarbeid og har no posisjonert seg for å kunne bli det første biosfæreområdet i landet. Sjølv om det er langt fram til målet er det viktig å bygge vidare på det arbeidet som er gjort. Rådmannen rår difor til at Lindås kommune bidrar med kr 99.471 per år i perioden 2015 – 2017, totalt kr 298.413,-.